

## **Gode kollegar i allmennpraksis, Helse Førde, Hauglandssenteret, Fylkeslegen.**

Litt plukk frå nettsidene våre. Les meir på <https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>



## **Informasjonsrunde vedr pakkeforløp rus og psykiatri til legekontora**

PKO i Helse Førde har som kjent no i vår hatt implementeringsrunder med besøk til enkelte legekontor i kommunane saman med pakkeforløpskoordinatorane – slik vi også gjorde då pakkeforløp kreft blei innført. I enkelte hove har informasjonen vore gitt til kommunehelsetenesta i fellesmøte der fleire kommunar har vore med og fleire slike er planlagt. Har vore nyttig for alle parter ser det ut som. Vi har igjen nokre kommunar til hausten og implementeringa vil måtte fortsette i lang tid framover. Fleire av kommunane vi besøkte representert ved fastlegar og anna kommunalt helsepersonell som er involvert i voksenpsykiatri og barnepsykiatri, var ikkje komne så langt i planlegginga. I Helse Førde er heller ikkje alt på langt nær klart i fht pakkeforløpet. Møta opna for god dialog og borger for at vi vil få til ei bra samhandling omkring denne viktige pasientgruppa. Vi har i møta våre lagt mest vekt på forløpskoordinatorane si rolle - både på helseforetakssida og kommunenesida – men også på innholdet i tilvisinga og samarbeid på førstelinjenivå som ofte må skje for å få klarheit i dei utfordringane nokon pasientar slit med. Dette gjeld særleg barn som blir tilvist BUP, men også ein del voksne.

I denne eposten er vedlagt presentasjonane som forløpskoordinatorane og PKO har hatt og litt om tilvisingsmaler med ledetekstar. Desse har PKO utarbeidd på grunnlag av det helsedir har sett opp som nyttig info ved tilvising til dei ulike pakkeforløpa. Det meste av vår info kjem frå hdir sine nettsider om Pakkeforløp – rus og psykiatri

<https://www.helsedirektoratet.no/tema/psykisk-helse>

Møteplass Oslo er eit samarbeidsorgan mellom allmennlegetenesta og sjukehusa i Oslo-området. Dokumentet i lenka under er ein konsensus vedr dei nye pakkeforløpa i psykiatri inngått mellom allmennlegetenesta og sjukehusa i hovudstaden. Nyttig lesnad også for oss – derfor vedlagt her.

[\*\*Møteplass Oslo - pakkeforløp rus og psykiatri\*\*](#)

### **Presentasjonar**

[\*\*Presentasjon Pakkeforløp rus og psykiatri.pdf\*\*](#)

[\*\*Pakkeforløp psykiatri tilvisingsmal CGM med ledetekst.pdf\*\*](#)

### **Tilvisingsmaler med ledetekst for ulike pakkeforløp psykiatri og rus**

[\*\*Pakkeforløp psykiatri voksne.pdf\*\*](#)

[\*\*Pakkeforløp rus.pdf\*\*](#)

[\*\*Pakkeforløp psykiatri BUP.pdf\*\*](#)

[\*\*Pakkeforløp psykiatri OCD.pdf\*\*](#)

[Pakkeforløp psykiatri psykose.pdf](#)

[Pakkeforløp spiseforstyrrelser barn-unge.pdf](#)

---



## **Poliklinisk tilbod til menneske med lymfødem blir avvikla i Helse Førde**

Lymfødem er ein tilstand som blir behandla først og fremst av kommunale fysioterapeutar men også på private institutt og i sjukehusa. Dei fleste i Norge med lymfødem får behandling hos privatpraktiserande fysioterapeutar med driftsstilskot. Helse Førde HF er det einaste helseføretaket i Helse Vest som gir poliklinisk tilbod til denne pasientgruppa. Frå og med 01.02.20, vil Klinisk fysioterapi og førebygging ikkje lenger gi poliklinisk tilbod til menneske med lymfødem. Inneliggande med kreftsjukdom, vil få tilbod som tidlegare.

[Poliklinisk tilbod til menneske med lymfødem.pdf](#)

---



## **Kontaktsenter i Helse Førde**

I midten av mars opna Kontaktsenteret i Helse Førde. Nå sit det 4-5 medarbeidrarar dagleg, og svarer på telefonar for alle dei somatiske poliklinikane. Bakgrunnen for å opprette Kontaktsenter var at undersøking viste at 3 av 10 ikkje kom gjennom på telefon i Helse Vest. Målet med kontaktsenteret er at innbyggjarane i Sogn og Fjordane skal få svar og god service når dei ringer inn til Helse Førde.

Når ein nå ringer inn til dei somatiske poliklinikane får ein tasteval, og ein må velje eit av vala. Dersom det er stor pågang på telefonen vil ein få melding om at ein står i kø. Dette er i hovudsak for pasientar og eventuelt pårørande. De som er helsepersonell ynskjer i første omgang direkte kontakt med behandlerar og vi har difor laga ei eiga løysing til dykk, som går utanom Kontaktsenteret.

1. De kan ringe direkte til Sentralbordet 57 83 90 00 og presentere dykk som helsepersonell, då vert de sett direkte over til poliklinikken de ynskjer kontakt med.
2. Dersom de skulle ringe det gamle nummeret til poliklinikken, om nokon av dykk har dette innarbeidd frå før, kan de etter velkomstmeldinga taste 8, og de kjem direkte til sekretær på poliklinikken.

Med helsing

**Anne Stubdal, Jan Ove Tryti, Normund Svoen**

Praksiskonsulentar

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

Helse Førde HF

[www.helse-forde.no](http://www.helse-forde.no)

